

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

|                         |                               |
|-------------------------|-------------------------------|
| <b>Dato</b>             | 07.06.2022                    |
| <b>Vår referanse</b>    | 2022/43917-5                  |
| <b>Dykkar referanse</b> | 22/2539 - 22/36530            |
| <b>Sakshandsamar</b>    | Lillian Bakke Byrknes         |
| <b>E-post</b>           | Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no |
| <b>Telefon</b>          | 45638702                      |

## Uttale - Dispensasjon for etablering av vassleidning - gnr. 113 bnr. 2 m.fl - Sjurset - Alver kommune

Vi viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til dispensasjonssøknad, datert 11.05.2022. Det er søkt om dispensasjon for å etablere ein ny vassleidning mellom Eidsvatn og Sjursetvatn for forsyning av industrivatn til Mongstad.

Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. Plan- og bygningslova. §19-1. Vi har og klagerett i slike saker.

### Planstatus

Eigedomane er uregulert og ligg i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2021-2023.

### Uttale

Delar av tiltaket vert liggande innanfor byggegrensa til fylkesveg, det må difor søkast om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg og søkast om grave- og framføringsløyve.

Vi mottok søknad om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg datert 17.03.22, og gav eit foreløpig svar ut datert 31.03.22. Vi svara at vi venter med behandling av byggegrensesøknaden til grave- og framføringsløyve er avklart og blitt gjeve for tiltaket.

Det kom også inn søknad om graveløyve for tiltaket, datert 17.03.22. Kartet som er komme inn til oss, og i søknaden til kommunen, viser at delen av traséen som vert liggande svært nær fylkesvegen vert liggande i myr som er noko vi er kritisk til. Det vart gjeve tilbakemelding i brev datert 28.03.22 om at traséen ligg for nær fylkesvegkroppen, og det vart bede om eit nytt val for trasé. Og vi har vidare dialog med Norconsult kor vi ber om ny trasé.

Vestland fylkeskommune ved infrastruktur og veg meiner at tiltaket må flyttast lengre vekk frå vegen enn kva søknaden viser. Alver kommune kan ikkje gje løyve til tiltaket før Vestland fylkeskommune har gjeve grave- og framføringsløyve og dispensasjon frå byggegresa.

Vi ber om å få saka tilsendt når ho er ferdig handsama.

Med helsing

**Hege Løvteit**  
leiar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*